**Til Anna Myklebust paa 70 aarsdagen 20-10-48**

Til lukka med dagen og aari dei mange
for deg vart dei aldri myrke og lange.
Ditt lette humør og det ljose sind
gav mot og krefter kvar du kom inn.
Difor i dag du hyllast skal
av stor og liten i denne dal.
Tru um du i dag hev naatt
statens alder?
Statens alder er 50 aar
men du vart 70 fyrst no du den faar.
Du røkta din gjerning og du heldt ut
aldri du klaga for arbeid og sut.
Der kvar ein er sett skal ein halda ut.
Til Uskedal kom du ein ungdom
med tru, og her fann du feste
og her fekk du bu.
Ein uskedalsgut fekk din kjerleik
so stor, ein lukkeheim byggde de
saman, på jord.
Einn barneflokk fager, de eigde
saman, men livet er inkje berre gaman.
Ogso for deg kom der dagar graa
med uverskyer på himmelen blaa.
I heimen din kom der ein faarleg
gjest, som vilde han røva som
til du var fest.
Du tok upp kampen i striden kor
du stridde sterkar enn nokon kar.
For gjeld det dei som ein elskar her
hev kvinna krefter og børi bær.
Offersindet det største i verdi
det gav Vaar Herre kvinna på ferdi.
Og mi tru er den at den kjerleik du gav
den held yver baa død og grav.
Um sjilnaden her er tung og saar
so veit me me atter møtast faar.
Din gjerning hadde kje arbeidstid
natt eller dag du like blid,
kom til alle som hjelpi di trong.
Og du gav oss mat so mang ein gong.
Din gjerning du gjorde og tru du var
du hadde fred i ditt fotefar.
For denne din gjerning no gaava skal
vera ei takk fraa Uskedal.

«Kvil deg borgar,»det treng du vel
du bramfrie gode og trugne sjel.
Me føler at ord vert for fatige her
men alle me ynskjer og alle me ber.
Gud signe deg Anna og gjev at du maa
Ein livskveld so ljos og so rik du maa faa.

Engel Stensletten

Til
Anna Myklebust 1948
paa 70 aarsdagen 20-10-4.

Til lukka med dagen og aari dei mange
for deg vart di aldri mykje og lange.
Ditt lette humör og ditt gjæve sind
gav Mot og krefter kvar du kam inn
Difor i dag du hyllast skal
av stor og liten i denne dal.
Tru um du i dag hev naatt
stalens alder?
Stalens alder er 50 aar
men du vart 70 fyrst no ~~ber~~ den
faar.
Du röktu din gjerning og du heldt ut
aldri du klaga for arbeid og sut.
Der kvar ein er sett skal ein
halda ut,
Til Eikedal kam du ein ungdam
med tru, og her fann du feste
og her fekk du bu.
Ein Eikedalsgut fekk din kjerleik
so stor, ~~den~~ lukkeheim byggde dei
saman, paa jord.
Ein barneflokk fager, de eigde
saman, men livet er inkje
berre gaman.
Ogso for deg kam der dagar graa

4

med úverskyer paa himmelen blaa
I heimen din kom der ein faarleg
gjest, som ville skaka røtta som
til dú var festa.
Dú tok upp kampen i striden tvar
dú stridde sterkar enn nakan kar
For gjild det dú som ein elskar ber
hen kvinna krefter og bäri bær.
Offersindet det störste i verde
det gav Vaar Herre kvinna paa ferd
Og mi trú er den at den kjerlek dú gav
held dú yver baa däd og grav.
Um sjúmaden her er tung og saar
so vita me mi aller mötast paar.
Din gjerning hadde ingi arbeidstid
natt eller dag dú like blid,
kom til alle som hjelpi di trong.
Og dú gav oss mat so mang ein gang.
Din gjerning dú gjorde og kvar dú var
dú hadde fred i ditt fatefar.
For denne din gjerning no gaava skal
vera ei takk fraa Urkedal.
„Kvil deg bargar" det treng dú vel
dú barmfrie gode og trúgne sjel.
Me fäler at ord verk for fatige her
men alle me ynsjer og alle me ber.
Gúd signe deg Anna og gjev at dú maa
ein livskveld so ljos og so rik dú
maa faa.